

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 10.03.05 **Tid:** 17.00-22.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 21 medlemmer møtte 20, inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

John Magne Bogevik

Sigmund Dyrhovden

I staden møtte:

Ivar Berland

Andre som var tilstade på møtet: Administrasjonssjef Tone Ramsli og ass.adm.sjef Hilde-Lill Våge. Kommunekasserar Per Eikestad møtte ved handsaming av sakene 3 - 6/05. Avd. ing. John Inge Sandvik møtte under handsaming av sak 4/05.

Merknader:

Helge Reistad var ugild i sak 04/05. Janne Drevsjø møtte i sak 04/05.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 15. mars 2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes vedteken.

VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:

Nils Gåsdaal, Arne Jørgensen og Arne Tverlid vart valde til å skriva under møteprotokollen.

UTVALET SITT KVARTER:

Sture Tveit bad om orientering om korleis vedtak i kommunestyret om forvaltningsrevisjon var handtert.

Ordføraren orienterte om arbeidet i personal- og økonomiutvalet så langt, og at sak om dette vil verta handsama i neste kommunestyremøte.

Audhild Olsnes stilte spørsmål om arbeidet med evaluering av ambulanseordninga.

Adm.sjefen orienterte at det var halde eit møte med Helse Bergen der kommunelege I og adm.sjef møtte. Neste møte vert mandag 14.03.2005, og adm.sjef har sendt skriv med ulike problemstillingar som bør takast opp i dette møte. Det vart og orientert om statistikken som er tilsendt, som har store manglar, men som etter kommunen si meining avdekkar uakseptabel lang responstid.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Lensmannen i Kvam, Rune Solbakken og lensmannen i Samnanger Marit Erstad orienterte om Kvam og Samnanger lensmannsdistrikt.

Ordføraren orienterte om at kommunen framleis ikkje har fått melding om dom i kårbusaka på Tysseland.

Administrasjonsjefen orienterte om utfordringane knytt til val av ny revisjonsordning og sekretærfunksjon for kontrollutvalet. Kommunestyret slutta seg til at PØ utvalet etter hasteparagrafen evt. kan handsama val av sekretærordning.

Kommunestyret vart orientert om Heimfall, regler for konsesjon for private kraftverk.

Adm.sjef orienterte om regelverket og det vart delt ut eige skriv om dette i møtet.

Kommunestyret slutta seg til at fylgjande vart sendt som Samnanger kommune sin uttale:

- Samnanger kommune meiner at saka om heimfallsordninga ikkje er tilfredsstillande utgreidd, og at ho ikkje kan handsamast av Stortinget før dette er gjort. I ei sak av så stor nasjonal betydning vil det ikkje vera forsvarleg å endra veletablerte ordningar for styring og kontroll av sentrale samfunnsmessige interesser før det er gjort grundige konsekvensutgreiingar. Det er m.a. trong for ei endeleg avklaring av EØS-avtalen sitt handlingsrom, og kva heimfallsmodellar som etter ein slik avklaring er moglege og kva konsekvensar dei vil ha.

- Vassdraga representerar fornybare og evigvarande ressursar av stor nasjonal verdi både økonomisk og miljømessig. Vasskrafta utgjer 99 % av kraftproduksjonen i Noreg og er av grunnleggande betydning for verdiskaping og velferden. Dagens reglar for offentlege og private konsesjonærar har ført til eit dominerande (90 %) offentleg eigarskap. For å sikra at vassdragsressursane vert utnytta på best mogleg måte ut frå samfunnet sine interesser no og i framtida meiner Samnanger kommune at det må leggjast til rette for eit fortsett sterkt offentleg eigarskap i vasskraftsektoren. Heimfallsordninga synast å vera det einaste realistiske alternativet for å ivareta dette. Samnanger kommune meiner at det ikkje skal gjevast evigvarande konsesjonar til private eigarar.
- Offentleg eigarskap til ressursar som er viktige for samfunn bør vera eit vesentleg moment i denne saka. Omsynet til samfunnsmessig beredskap tilseier sterk offentleg styring.
- Samnanger kommune meiner at av dei modellane som er handsama i NOU 2004:26 er transaksjonsmodellen kombinert med utleige den som best tek i vare føremålet med ei heimfallsordning. Modellen inneber at alle kjøparane vert likestilt ved at dei vert underlagt tidsavgrensa konsesjon på 60 år, medan dei offentlege eigarane beheld sine evigvarande konsesjonar så lenge dei ikkje sel.
- Samnanger kommune meiner det er prinsipielt og juridisk feil at konsesjonsfrie private anlegg frå før 1909 ikkje er omfatta av utgreiinga. Desse anlegga må likestillast konsesjonsrettsleg med dei andre anlegga i høve til nye reglar.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0002/05	04/00122 KOMMUNESTRUKTUR - FRAMTIDA FOR SAMNANGER KOMMUNE
0003/05	05/00039 OPPRUSTING SOLLI HAGAMULEN.
0004/05	04/00304 ORGANISERING AV VINTERVEDLIKEHALD, KJØP AV NYTT UTSTYR/SAL AV GAMAL
0005/05	05/00038 GODTGJERSLE TIL POLITIKARAR 2005.
0006/05	04/00193 GODKJENNING AV SKATTEREKNESKAPEN FOR FØRSTE HALVÅR 2004.

0002/05

KOMMUNESTRUKTUR - FRAMTIDA FOR SAMNANGER KOMMUNE**Handsaming i møte:**

Etter innleiande drøftingar og innlegg vart møtet mellombels heva, og det vart halde gruppemøte.

Gruppeleiarane la fram forslag om at dei skulle utgjera ei arbeidsgruppe som skal arbeide fram dei endelege formuleringane til kommunen sin uttale basert på vedtaket og drøftingane.

Følgjande pkt. vart røysta over:

Som kommunen sitt alternativ

1. Samnanger eigen kommune – samrøystes vedteke

Som alternativ 2 vart det røysta over tre alternativ.

- ”Oster” med føresetnad om at Arna går ut av Bergen – fekk 14 røyster.
- Fusa, Kvam og Samnanger som eigen kommune – fekk 5 røyster.
- Os, Fusa og Samnanger som eigen kommune – fekk 1 røyst.

Som alternativ 3 vart det røysta over to alternativ

- Fusa, Kvam og Samnanger som eigen kommune fekk 7 røyster .
- Os, Fusa og Samnanger som eigen kommune fekk 2 røyster.

11 røysta mot begge alternativ, noko som inneber at kommunestyret berre har to alternativ.

Vedtak:

Kommunestyret set ned ei arbeidsgruppe beståande av dei politiske gruppeleiarane som får fullmakt til å utarbeida Samnanger kommune sin uttale om framtidig kommunestruktur basert på fylgjande prioriteringar

1. Samnanger eigen kommune – samrøystes vedteke
2. ”Oster” med føresetnad om at Arna går ut av Bergen

0003/05

OPPRUSTING SOLLI HAGAMULEN.**Framlegg til vedtak::**

Løyvinga til opp-pussing /rehabilitering av Solli, Hagamulen vert auka med kr 125.000 til 725.000. Utgiftene vert finansierte med opptak av lån.

Handsaming i møte:

Frp. V/Arne Tverlid sette fram følgjande framlegg; ” Sak 03/05 vert ikkje imøtekomen og tidlegare vedtak vert oppretthalde.”

Krf. v/Marit Aase sette fram følgjande framlegg: ”Løyvinga til opp-pussing/rehabilitering av Solli vert sett til kr. 800.000. Utgiftene vert finansiert med opptak av eksternt lån.

Møtet vart mellombels heva, og det vart halde gruppemøte.

Bl. v/Idar Reistad sette fram følgjande; ”Løyvinga til oppussing/rehabilitering av Solli vert sett til inntil kr. 830.000. Utgiftene vert finansiert med opptak av eksterne lån”

Arne Jørgensen sette fram følgjande framlegg; ” Solli vert lyst for sal. Salssummen skal nyttast til kjøp av nytt husvære, likeså midlane som er sett av til rehabilitering”

M. Aase trekte sitt framlegg.

A. Tverlid strekte sitt framlegg

Det vart først røysta over tidlegare vedtak, som vart samrøystes ikkje vedteke.

Deretter vart det røysta alternativt over framlegget til Reistad og Jørgensen. Reistad sitt framlegg vart vedteke med 17 røyster. Jørgensen sitt framlegg fekk 3 røyster og ikkje vedteke.

Vedtak:

Løyvinga til oppussing/rehabilitering av Solli vert sett til inntil kr. 830.000. Utgiftene vert finansiert med opptak av eksterne lån.

0004/05

ORGANISERING AV VINTERVEDLIKEHALD, KJØP AV NYTT UTSTYR/SAL AV GAMALT

Handsaming i møte:

Helge Reistad bad om få vurdert gildskapen sin i saka. Han vart samrøystes funnen ugild.

Janne Drevsjø kom til under handsaminga av denne saka.

Sp v/Jørgensen sette fram følgjande framlegg; ”Kjøp av ny traktor må sjåast i samband med gjennomgåinga av den kommunale drifta i Samnanger. Saka vert difor utsett til denne gjennomgåinga er ferdig.”

B.O.Gåsdal sette fram følgjande framlegg; ”Samnanger kommune kjøper ny traktor, jfr. Sak 28/04. Som del av finansiering av kjøpet brukar kommunen kr. 553.000 av eigne fondsmidlar slik det er vedteke i budsjettet.”

Det vart røysta alternativt over Gåsdal sitt framlegg og Jørgensen sitt framlegg. Gåsdal fekk 14 røyster vart vedteke mot Jørgensen sitt som fekk 6 røyster.

Vedtak:

Samnanger kommune kjøper ny traktor, jfr. Sak 28/04. Som del av finansiering av kjøpet brukar kommunen kr. 553.000 av eigne fondsmidlar slik det er vedteke i budsjettet.

0005/05

GODTGJERSLE TIL POLITIKARAR 2005.

Framlegg til vedtak::

Den faste møtegodtgjersla for leiar i kontrollutvalet vert auka frå 01.01.05 til kr 5.000,- pr. år.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart vedteke med 17 mot 3 røyster.

Vedtak:

Den faste møtegodtgjersla for leiar i kontrollutvalet vert auka frå 01.01.05 til kr 5.000,- pr. år.

0006/05

GODKJENNING AV SKATTEREKNESKAPEN FOR FØRSTE HALVÅR 2004.

Framlegg til vedtak::

Skatterekneskapen 1. halvår 2004 vert desidert i samsvar med revisor si melding og tilråding om godkjenning datert 04.08.2004.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Skatterekneskapen 1. halvår 2004 vert desidert i samsvar med revisor si melding og tilråding om godkjenning datert 04.08.2004.